



HÅ KOMMUNE  
Rådhusgata 8  
4360 VARHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Frida Halland, 5764 3128


## Uttale - Hå - del av ny kommuneplan - Friestad

Vedkjem brev frå det kongelege digitaliserings- og forvaltningsdepartementet, dagsett 27.5.2024, der Statsforvaltaren i Vestland er oppnemnd til settestatsforvaltar for å gje uttale til den del av forslaget til ny kommuneplan i Hå som gjeld eit område innanfor reguleringsplan 1092 Friestad vindpark.

Statsforvaltaren i Rogaland har i brev dagsett 3.5.2024, bedd departementet om å vurdere og oppnemne settestatsforvaltar til å gje uttale til den delen av framlegget til kommuneplanen som omfattar området innanfor plan 1092.

Det er anført at statsforvaltaren i Rogaland er *inhabil i spørsmålet om å ta ut fra kommuneplanen en støyhensynssone for vindkraftanlegg som er knyttet til reguleringsplan*.

### Endring i plankart



Over er planområdet til venstre, vedteke 7.5.2015, i midten er det støysone lagt inn i gjeldande kommuneplan, vedteken 10. desember 2014, og til høgre er framlegget til ny kommuneplan – utan omsynssone i området for plan 1092.



Vurdering av kommuneplanen

Statsforvaltaren i Vestland har ikkje vesentlege merknader til framlegg til ny kommuneplan i område innanfor reguleringsplan 1092 Friestad vindpark.

Me ser ikkje at det å ta ut omsynssone for støy, for ein områdeplan for vindkraft utan konsesjon, er vesentleg i strid med dei nasjonale interessene Statsforvaltaren skal sørge for at blir varetekne i kommunane sin utøving av rolla som planstyresmakt.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
spesialrådgjevar

Sarah Kvåle Skouen  
fungerande seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I ROGALAND

Postboks 59 Sentrum

4001

STAVANGER